

Inntektsutvalet

v. Ola Honningdal Grytten

SYNSPUNKT FRÅ BREIM BONDELAG TIL INNTEKTSUTVALET

1. Forhandlingsordinga i landbruket må halde fram. Målsetninga må være å løfte arbeidsinntekta i landbruket opp på nivå med andre grupper i samfunnet.
2. Det må skillast mellom arbeidsinntekt og kapitalinntekt i landbruket slik at dei to postane vert synleggjort i forhold til kvarandre.
3. Leigeutgifter internt i landbruket må synleggjera på makronivå som ei reell utgift.
4. Resultat av landbruksavtala må gjelde frå 01.07 i avtaleåret, og ikkje som i dag, frå og med komande år.
5. Antal timar pr. årsverk i landbruket må ikkje være fleire enn i andre sektorar. Det må takast hensyn til at store delar av arbeidstida i landbruket foregår i helg og på helligdagar.
6. Midlar på eksisterande postar må ikkje omfordelast internt i landbruket, det må tilførast meir midlar.
7. Krav innan miljø, dyrevelferd, klima o.a. må ikkje innførast utan at det ligg føre ei plan om gjennomføring og finansiering av krava.
8. Krav innan miljø, dyrevelferd, klima o.a. må være vitenskapeleg forankra.
9. Klimaplanen/klimaavtala må finansierast med offentlege midlar.
10. Byggetekniske krav om dyrevelferd som kjem i kraft i 2024 vert finansiert med offentlege midlar.
11. Det må leggast ein plan for gjennomføring og finansiering av lausdriftskravet i storfènæringa.
12. Kjedemakta i matvarehandelen må reduserast grunna i at bøndene sin andel av sluttpris i butikk vert stadig lavare. Det er ein opplagt forutsetning for å lykkast med inntektsløft i landbruket. Utan ein strategi på dette feltet vil inntektsløft neppe lukkast. Dette kan gjerast gjennom strengare strengare lov om god handelsskikk. Eksempel: Opnare forhandlingar med krav om innsyn, slutt med betaling for hyllelass m.m. Strengare krav til EMV, berre litt anleis emballasje må ikkje være nok, må være ein realitetsforskjell. Strengare krav til vertikal integrering nedover i matvarekjeda. Krav om at lokale produkt må få plass i den lokale kjedebutikken.
13. Fokus på distriktslandbruket og bruk av beite- og utmarksressursar. Det må innførast ei eigen fjord- og fjellstrategi der landbruket si multirolle i samfunnet vert framheva og betalt for. Stregien må knytta opp til produksjon på lokale ressursar, eigen vidareforedling, kulturlandskep, miljø, klima, turisme og anna.
14. Det må innførast ein strategisk sesongpolikk for frukt og bær der eit fungerande tollvern har den mest sentrale rolla.
15. Overimporten av ost til industrielt bruk må stansast. Kronetoll?

16. Mulegheitene for å utnytte plass i grøn boks etter WTO-regelverket må brukast aktivt.
17. Det må ikkje være konkurranseendrande verkemidlar i næringsmiddelindustrien som er grunna i samvirkebedriftenes eigenkapital. Grunna i organisasjonsfrihet i selskapslovgivninga.
18. Det må arbeidast for å etablere eksportkanalar av høgkvalitets landbruksprodukt til norsk pris som alternativ til produksjonsbegrensing, feks innan lam, sau og geit.
19. Det må innførast tiltak som reduserer kostnaden med mjølkekvotar. Bortfall av leige? Statleg omseting i regi av Innovasjon Norge? Fastpris?
20. Det må innførast ein nasjonal plan for matproduksjon og matberedskap.
21. Skille mellom fossile klimautslepp som akkumulerar klimagassar i atmosfæra og biologiske klimautslepp som går i kretsløp utan at klimagassane vert akkumulert i atmosfæra.

Breim Bondelag 31.12.2021

Arne Frode Øvreseth, leiar